



Mange unge sjørøvarar hjalp kaptein Sprød med å finna skatten. Her er to av dei - Harald og Tørres Lekva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Folk er rause med rosen etter Aktivitetsdagen laurdag, ikkje minst gjeld det årets nye hovudinnslag, jakten på sjørøvarskatten. Opplegget der ber bod om stor kreativitet.



Surfing på land er ikkje heilt enkelt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnheringen skriv at det var enormt med folk på arrangementet og at damevennene nok ein gang klarte å stella i stand ein triveleg og festleg folkefest.



Ansiktsmaling var populært. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Avisa slår fast at folk kunne hyggja seg heile dagen både med grillmat, lappar og lefser og meiner at 'godt over 500' fekk med seg ein morosam avslutning på dagen med 'Hopp i havet'.



Trekkspeklklubben sviktar aldri. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Thor Inge Døssland skriv slik under overskrifta **'Dagens ros'**:

'Dagens ros etter denne helga må gå til Damevennene. Igjen kan dei sjå tilbake på eit blinkskot av eit arrangement. På aktivitetsdagen lørdag kunne absolutt alle kosa seg! Gode, varierte og godt tilpassa programinnslag og mykje godt for magen skapte topp stemning i båthamnsområdet utover heile dagen.

Her var noko for alle aldrar. Ein skikkeleg familiedag! Nyskapinga med våre lokale sjørøvarheltar og skattejakta var endå ein innertiar på programmet. Damevennene er både kreative og dugande. Dei legg ned ein stor innsats.

Vi er sikre på at vergudane vil hugsa dåke med strålende ver også på komande arrangement. Det fortener dåke!!

På vegne av dei frammøtte: tusen takk for ein strålende dag!